



Reidar Furelid  
Vassbygdvegen 271  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6950 - 14/24322

Saksbehandlar:  
Kristin Nielsen  
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
30.10.2014

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 182/4 Gausereide

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.10.2014.

Tiltaket skulle i utgangspunktet ha vore nabovarsla då ein i forkant ikkje har avklart om det kan gis fritak, jf. pbl § 21-3. Vi gjer merksam på at vi i dette tilfelle ikkje kan sjå at naboane sine interessar vert råka av tiltaket, og at vi vil kunne gje unntak frå nabovarslingsplikta. ☺

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Side 2 av det allereie innsendte søknadsskjemaet «Søknad om tiltak utan ansvarsrett» må fyllast ut, signerast og sendast inn på nytt.
2. Det må sendast inn situasjonskart på nytt som syner møneretningane på tilbygget, og tiltaket må målsettast.
3. Det må sendast inn målsett planteikning som syner vinterhagen og kvar denne er tenkt plassert i høve til det eksisterande bygget.
4. Det må sendast inn fasadeteikningar som syner det eksisterande bygget og tilbygget sett saman.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 08.01.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Kristin Nielsen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Reidar Furelid

Vassbygdvegen 5912  
271

SEIM